



Far og son Alfred og Thomas er ferdig med dagens filetering

Andre turistgrupper kjem og går, men Siggi består!

Siggi heiter Klemm til etternamn og bur i Ebermannstadt 5 mil nord for Nürnberg i Bayern. Han har reist med fiskeglade turistgrupper til vårt område sidan langt inn i førre hundreåret og må kallast superveteran på dette feltet. Akkurat no er han her med ei gruppe på 9 og dette året kjem han opp i 70 Rabben-turistar mot 100 i fjor.



Gode vener - Siggvi og Steinar

- Talet varierar frå år til år, det blir til dømes større i år då eit lag eller ei foreining meldar seg på, seier Siggvi som fortel at Noregsreisene for hans del starta på Enes i 1973. Ti år seinare var han på Rabben med ei gruppe for første gongen og sidan har han halde fast ved Steinar & Co. Ein kan trygt kalla Siggvi ein grunnpilliar i campingverksemda i Uskedalen.

Det er framfor alt fisken i fjorden som fristar tyskarane og dei er igang med fisket uansett vertilhøve. Steinar har opptil 10 båtar med tyskarar utpå samstundes og fangstane plar vera bra, I alle fall hadde far og son Alfred (75) og Thomas Schrøder frå Unterfranken ingenting å klaga over då vi møtte dei i dag. Det er fjerde gongen dei er her med Siggvi.

Dei var då vi forstyrra dei i full gang med den daglege fileteringa og nærma seg eit kvantum på 20 kilo medan grensen pr. person er 15. Korkje dette paret eller Siggvi tykkjer at denne grensen er for streng.

- Den held i massevis, og så supplerar vi med røykjelaks frå Hjørnevåg, opplyste Siggvi, som minna om ein gamal sjøulk frå norskekysten med den digre hatten sin.

Gruppa han har med seg no er her i 12 dagar. og drar sørover i slutten av veka, tung lasta med fisk.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen